



Norges Vassdrags og energidirektorat  
Postboks 5091 Maj.  
0301 OSLO

**Vår ref.**  
18/18-97/N - 000/KAWV

**Dykkar ref.**

**Dato:**  
20.11.2018

## **Uttale frå Kvam herad til nasjonal ramme for vindkraft på land**

Kvam heradsstyre vedtok i sitt møte 13.11.2018 å gje følgjande uttale i saka:

Kvam herad viser til høyring som har vore i samband med nasjonal ramme for analyseområde for vindkraft. På grunn av ein feil fekk ikkje Kvam herad høyringa. Vi har difor fått løyve til å komme med svar i etterkant.

Kvam herad meiner at vi i framtida må endra energikjelda frå fossilbasert til fornybar energi. Det må vera basert på meir effektiv utnytting av eksisterande vasskraftanlegg og anna energiøkonomisering. Skal det i tillegg byggjast nye anlegg for energiproduksjon kan solkraft og vindkraft vera aktuelt når det ikkje tek i bruk naturområde.

Vindmølleanlegg krev svært store arealinngrep og vil verte markant og skjemmande. I tillegg kjem naturinngrep av tilhøyrande infrastruktur som vegar og kablar. Analyseområde 17 omfattar store deler av Kvam herad, og er det største samanhengande uberørte naturområde med fjell og fjord i Hordaland. Det er svært viktig for naturmangfald og friluftsliv.

Kvam er ein stor hytte- og reiselivskommune og naturkvalitetane er ein grunnleggande verdi for innbyggjarar og tilreisande. Naturkvalitetane er også utgangspunkt for opplevingsøkonomien som kommunen satsar stadig meir på. Nyleg har Olje- og energidepartementet avslått konsesjon for omsøkt kraftutbygging i Øystesevassdraget på grunn av store naturverdiar i området. Kvam herad har nylleg utarbeidd ein kulturminneplan for kommunen, der deler av området er på «gul liste» innanfor tema utmark og kulturlandskap.

Vindmøller slik det NVE her planlegg for gjev store inngrep i naturen og viktige kvalitetar og ressursar som Kvam herad forvaltar. Kvam herad ynskjer difor ikkje vindkraftindustri i fjord- og fjellområde i kommunen vår eller i nærliggande kommunar.

-Kvam herad meiner at analyseområde 17 må trekkast ut av det vidare arbeidet med nasjonal ramme for vindkraft.

Helsing

**Kari Weltzien Vik**  
Administrativ rådgjevar  
Telefon: 56553022

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

**Mottakarliste:**

Norges Vassdrags og energidirektorat      Postboks 5091 Maj.      0301      OSLO

**Kopi til:**

Anita Hesthamar